

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Thon Hotel Jølster, Skei
Dato: 30.11.2021
Tidspunkt: 09:00-12:00

Velkomen til det åttande og siste møtet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2021!

Måndag 29. november kl 11:00 har nasjonalparkstyret kalla inn til dialogmøte med rådgjevande utval og administrativt kontaktutval på Thon Hotel Jølster, Skei. Dette er det fyrste møtet på to år grunna avlysning i 2020 som følgje av Covid-19. Sidan smittesituasjonen i fjor førte til at det planlagde møtet vart avlyst, er dette det fyrste dialogmøtet til det sitjande nasjonalparkstyret. Eiga møteinnkalling med agenda er sendt ut på e-post. Vi reknar med å vere ferdige med dialogmøtet seinast kl. 16:00.

Møtestart for nasjonalparkstyret er tysdag 30. november kl. 09:00 på same stad. Vireknar med å vere ferdige til kl. 12:00.

Vibeke har meldt forfall til desse møta, men vi vonar at resten av styret har høve til å vere med begge dagane.

Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltar Marthe på tlf. 91 71 95 51.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Vennleg helsing

Tor Arne Hauge og Marthe Gjerde
Sekretariatet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre



Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 42/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 43/21	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 44/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker 1. Status tiltak 2. Arbeid med nasjonalparkkart - Merkevere 3. Status arbeid med skjøtselsplanar 4. Møtedato neste styremøte 5. Mediesaker sidan sist		
ST 45/21	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styret og årsplan for 2022		2021/16610
ST 46/21	Jostedalsbreen nasjonalpark - bestillingsdialog og tiltaksplan - 2021		2021/16471
ST 47/21	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - ny nettside nasjonalparkstyre.no - Personvernerklæring		2021/16662
ST 48/21	Delegerte saker		
DS 12/21	Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel i samband med skorfast sau i Erdalen - Jostedalsbreen nasjonalpark		2021/15743

ST 42/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 43/21 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

ST 44/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker



Arkivsaksnr: 2021/16610-0

Sakshandsamar: Marthe Gjerde

Dato: 22.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	45/21	30.11.2021

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styret og årsplan for 2022

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret skal møte med jamne mellomrom i 2022 for å arbeide vidare med forvaltningsplanen. Styret skal gjere vedtak i dispensasjonssaker og følgje opp tiltak i nasjonalparken som kan bidra til å styrke verneverdiane, med utgangspunkt i følgjande årshjul:

- Januar/februar: Styremøte (Bestillingsmøte 2)
- Mars: Styremøte
- 27.-28. april: Nasjonalparkkonferanse (tidspunkt er usikkert)
- Mai/juni: Styremøte og 30-årsmarkering av offisiell opning av nasjonalparken
- September: Styremøte med synfaring
- November/desember: Styremøte/ dialogmøte med rådgjevande utval (Bestillingsmøte 1)

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre godkjenner framlegg til driftsbudsjett for året 2022 på kr 310 000,- jf. saksutgreiinga. Styret godkjenner også budsjettet på kr 570 000,- i planmidlar.

Sekretariatet legg inn budsjettet i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter (ESS) innan fristen den 10. januar 2022. Sekretariatet får fullmakt til å gjere mindre endringar på budsjettet dersom dette viser seg nødvendig fram mot innmeldingsfristen.



Saksopplysninger

Dokument i saka:

- E-post frå Miljødirektoratet datert 18.11.2021: Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og SNO-ressurser i verneområder – 2022
- Vedtektene til Jostedalsbreen nasjonalparkstyret datert 1. januar 2020

Jamfør vedtektene *bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer* (punkt 7). Desse fire gongene er uavhengig av kor mange gonger eit eventuelt AU trer saman. Sidan 2011 har Jostedalsbreen nasjonalparkstyret hatt møte mellom fire og åtte gonger i året. I 2021 har det vore åtte møte, der fire av desse har vore avhaldne digitalt på Teams. Møta i år var i februar, mars, juni (tre møter), september, oktober og november. Møtet i september vart gjennomført i samband med ei felles styresamling ilag med nasjonalparkstyra for Breheimen og Jotunheimen/Utladalen.

Året 2022 skal nasjonalparkstyret endeleg vedta forvaltningsplanen. Arbeidet med revideringa har, av ulike årsaker, gått føre seg over fleire år men er no i slutfasen. Sekretariatet ønskjer at utkastet vert drøfta av styret før det vert oversendt Miljødirektoratet for fagleg gjennomgang i løpet av mars. Deretter skal dokumentet på høyring før endeleg godkjenning og vedtak.

Miljødirektoratet informerer om at dei truleg vil arrangere ein nasjonalparkkonferanse for alle styremedlemmer og forvaltarar i slutten av april 2022 i Trondheim. Dersom det i 2022 blir arrangert fysisk nasjonalparkstyrekonferanse vil direktoratet dekke opphald, medan styra må budsjettere med reiseutgifter innan eige budsjett. Konferansen er ein naturleg plass å forlengje med eit styremøte.

Framlegget til budsjett gjev opning for overnatting og turar i samband med synfaringar. Det blir naturleg å leggje inn ei overnatting i samband med styremøte og opning av det utvida utsiktspunktet framfor Kjenndalsbreen i September. Mai og juni er også fine tidspunkt å planlegge synfaringar, gjerne i samband med planlagt 30-års markering av den offisielle opninga av nasjonalparken.

I kort rettleiar for Elektronisk søknadssenter (ESS) står følgjande:

For verneområder som forvaltes av styrer, skal styrene melde inn behov for midler (...) i ESS. Dette gjelder følgende:

- *Drift av nasjonalpark- og verneområdestyrer (...)*
- *Forvaltningsplaner og besøksstrategier for nasjonalparker og andre store verneområder*

Oppdatering av nettsider bør tas med i vurderingen av behov for midler. Dersom rammene tillater det vil det også kunne gis midler til nødvendige kartlegginger som grunnlag for forvaltningsplaner og besøksstrategier samt utarbeidelse av skjøtselsplaner.



Vurdering

Tildelinga til drifta av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre for 2021 var på kr 300 000,- (2020: kr 320 000). Dette har inkludert både utgifter til møte, synfaringar og dekking av reise og møtegodtgjersle, samt møteutgifter og dekking av reise for rådgjevande utval. Vi går noko under budsjett i 2021 trass gjennomføring av fleire møte enn planlagt for. Fleire av desse møta har vorte gjennomførte digitalt med mindre utgifter til reisegodtgjersle enn budsjettet.

Vi legg fram budsjett på kr 310 000,- til styrets drift i 2022. Dette inkluderer utgifter til reise og godtgjersle for styret til nasjonalparkkonferanse i Trondheim i tillegg til det vanlege årshjulet. År 2022 skal nasjonalparkstyret endeleg vedta forvaltningsplanen, noko som også krev tid til å drøfte dette omfattande dokumentet. Budsjettet er ikkje vesentleg auka neste år, men vi lyt ta atterhald om endring av fysiske møter til digitale på kort varsel alt etter covid-19 situasjonen som truleg også for året 2022 kan verte førande. Forvaltarane vonar at det er råd med fysiske samlingar framover, og legg dette til grunn for møteplan resten av året.

Dersom det blir nasjonalparkstyrekonferanse i Trondheim, så kan styret kombinere konferansen med eit styremøte. Fleire møte er avhengig av om viktige, store hastesaker dukkar opp som treng heile styret sin vurdering. Forvaltarane sender ut framlegg til konkrete datoar.

Estimering av utgifter i 2022 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre									
				Møtegodtgjersle			Timeforbruk		
				Sats leiar (kr/t)			* = inkl. 1,5 timar til førebuing		
				Sats øvrige (kr/t)					
				643					
				486					
Skisse til møteplan									
Møtedato	Type	Tal timar	Tal deltakarar	Timebruk leiar	Kostnad leiar (kr)	Timebruk øvrige (t)	Kostnad øvrige (kr)	SUM møte	Kommentar
Januar/februar	Styremøte	6	6	4 *	2 572	30	14 580	17 152	Bestillingsmøte 2
Mars	Styremøte	3	6	3 *	1 929	15	7 290	9 219	
April	Nasjonalparkkonferanse	12	6	10 *	6 430	60	29 160	35 590	
Mai/juni	Styremøte med synfaring	8	6	8 *	5 144	40	19 440	24 584	
September	Styremøte med synfaring	8	6	6 *	3 858	40	19 440	23 298	
November/desember	Styremøte med rådgjevande utval	8	6	8 *	5 144	40	19 440	24 584	Bestillingsmøte 1
SUM kostnader møte								134 427	
Køyre-/reisegodtgjersle									
Estimering av utgifter til reise-/køyregodtgjersle, føresetnadar:									
1. Reknar med eit gj.snitt på kr. 1200 pr. person for Jostedalsbreen									
2. Reknar med 6 styremedlemmer pr. ordinære møte (5 møte = kr 38 000,-)									
3. Reise til nasjonalparkkonferanse									
SUM:								55 000	
Leie av lokaler, overnatting, RU, samt servering under styremøtene:									
Utgifter i samband med møte (møterom, varm lunsj, kaffe/te med meir)								45 000	
Reiseutgifter og møtekostnader Fagleg rådgjevande utval								35 000	
Eitt eller to kombinerte styremøte med synfaring inkl. overnatting, lunsj el middag								40 000	
SUM:								120 000	
Totale utgifter i samband med møter i Jostedalsbreen nasjonalpark 2022 (estimerte utgifter med ein viss grad av skjønn)									
								309 427	

Vi har budsjettframlegg på kr 570 000,- til planarbeid. Dette inkluderer å utarbeide ein skjøtelsplan for Tungestølen-området i Luster med ei kostnadsramme på opptil kr 150 000,-. No er fleire tilretteleggingstiltak inn dalføra Langedalen og Austerdalen planlagde, og nokre er gjennomført i løpet av 2021, og skjøtsel er eit naturleg neste steg for å ta vare på verneverdiane i kulturlandskapet her.

Vi har budsjett med kr 300 000,- for sårbarheitsvurderingar av stiane til Flatsteinbu, Fåbergstølsbreen og Langedalen i Stardalen. Dette skal gjere forvaltninga i stand til å prioritere kva område som kan tilretteleggast for meir ferdsle og aktive tiltak for å redusere slitasje eller forstyrring.



I tillegg er 2022 eit viktig år for å fullføre prosessen med revidering av forvaltningsplanen. Ein sum på kr 80 000,- skal kunne dekkje utgifter til høyringsrundar for forvaltningsplanen, annonsar i lokalavisene, bygdemøte og trykking av nokre eksemplar til utdeling. Besøksstrategien som vart endeleg vedteken i 2021 skal vere eit vedlegg til den reviderte forvaltningsplanen. Etter endeleg vedtak av besøksstrategien kan dei nye nettsidene til nasjonalparken verte publiserte, og i samband med ferdigstilling av nettsidene skal ein sum på kr 20 000,- kunne dekkje utgifter til kjøp av tenester til oversetjing av nettsidene samt utgifter til grafisk design.

Ein ny foreslått post på driftsbudsjettet er administrative kostnader i høve stibyggarangement i Bødalen, som gjennomførast i regi av Stiskulen til Miljødirektoratet. Vi har budsjettert med kr 20 000,- som skal dekke utgifter i samband med overnatting og mat og administrasjon av deltakarane.

Under er ei samleoversikt:

Budsjett 2022 for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre			
		Budsjett 2022	Merknader
D	Driftsutgifter for styre og utval		
	Møtegodtgjersle styret	135 000	sjå eige oppsett
	Reiseutgift styret, inkl. nasjonalparkkonferanse	55 000	sjå eige oppsett
	Møteutgift styret og møte/reise for rådgjevande utval	120 000	sjå eige oppsett
	SUM D	310 000	
E	Utgifter til kartlegging, annonsar og trykking av planar		
	Høyringsrunde forvaltningsplan, bygdemøter, annonsering, trykking	80 000	Kjøp av tenester
	Sårbarheitsvurdering stiar til Flatsteinbu, Fåbergstølsbreen og Langedalen i Stordalen	300 000	Kjøp av tenester
	Utarbeiding av skjotselsplan i Tungestølen-området	150 000	Kjøp av tenester
	Administrative kostnader i samband Stiskulen i Bødalen	20 000	Kjøp av tenester
	Ferdigstilling av nye nettsider	20 000	Kjøp av tenester
	SUM E	570 000	
	Estimerte kostnader	880 000	



Arkivsaksnr: 2021/16471-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 18.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	46/21	30.11.2021

Jostedalsbreen nasjonalpark - bestillingsdialog og tiltaksplan - 2021

Innstilling frå forvaltar

Forslag til bestilling av SNO ressurs og tiltaksplan for 2022 vert lagt fram for drøfting i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midlar til tiltak i verneområder og SNO-ressurser i verneområder – 2022. Miljødirektoratet 16.11.2021
- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2020-2025, Miljødirektoratet
- Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene, Klima- og miljødepartementet 2019
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark -1994
- Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027

Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder, 2020-2025

I statsbudsjettet er det sett av tiltaksmidlar til forvaltning av verneområde, slik at ein tek vare på eit representativt utval av norsk natur for komande generasjonar. Det kom i 2019 ein ny strategi for bruk av tiltaksmidlar, gjeldande for perioden 2020- 2025. Her vert det prioritert tiltak i verneområde der verneverdiane er trua. Klimaendringane er venta å føra til auka stress for mange artar og naturtypar i verneområde, og kan gje endringar i samansetning av artar. For å minimere dei negative effektane av klimaendringar på verneverdiane, må andre negative påverknader avgrensast mest mogeleg. Døme på dette er attgroing, slitasje, forstyrringar og ureining. I tillegg bør forvaltninga av verneområde ta ekstra omsyn til klimaeffektar i planlegging



av tiltak. Tiltaksmidlane vert fordelt på bakgrunn av dagens trusselbilde i verneområda. I tillegg skal skjøtsel, tilrettelegging og, etter kvart, utrulling av besøksstrategiane få midlar til godt planlagde tiltak.

I strategien står mellom anna følgjande:

"Midlane går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stigar, klipping og merking for å betre tilgjenge i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlane nyttast òg til informasjonstiltak i alle typar av verneområde i samband med ny merkevare for Noregs nasjonalparker og til utarbeiding av besøksstrategiar for nasjonalparker og andre verneområde med store besøkstal eller særskilde utfordringar. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltings-/skjøtelsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.

Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l.) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene.»

Strategien seier tydeleg at midlane ikkje kan nyttast som tilskot til andre, men dei kan brukast som investeringar der ein har ein tydeleg samarbeidspartnar som tek drift og vedlikehald. Miljødirektoratet har sett opp følgjande prioriteringar ved bruk av tiltaksmidlar:

1. *Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyest blant disse tiltakene*
2. *Løpende skjøtselstiltak*
3. *Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging*
4. *Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk*
5. *Bruk av merkevaren i øvrige verneområder*
6. *Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)*

SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda. I bestillingsdialogen med SNO skal styret drøfte ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand.

Forvaltar legg fram forslag til bestilling av tenester frå SNO for 2022 til drøfting i styremøtet. Forslaget er utarbeidd med bakgrunn i handlingsplanen i besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark vedteken av nasjonalparkstyret 26.10.2021, innspel frå grunneigarar, kommunar og andre interessentar, samt innspel og diskusjonar i styret ila 2022. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av dialog med SNO. Styret må gå gjennom forslag til tiltak og drøfte prioriteringane under møtet.



Nasjonalparkstyret sin frist for innmelding til bestillingsdialogen til Miljødirektoratet er 10. januar 2022. Sekretariatet melder inn til bestillingsdialogen på bakgrunn av styret sin vedtekne tiltaksplan.

Besøksstrategien

Alle tiltak i bestillingsdialogen skal vere forankra i forvaltningsplan, besøksstrategi eller andre styrande dokument. Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark vart vedteken av nasjonalparkstyret 26.10.2021, men er ikkje formelt godkjent av Miljødirektoratet når denne saksutgreiinga vert skriven. Vi tek likevel sjansen på å ta utgangspunkt i besøksstrategien når vi utformar tiltaksplanen for 2022.

Mange av tiltaka som er føreslått gjennomført i 2022 er forankra i besøksstrategien.

Besøksstrategien omtalar mellom anna 45 innfallsportar rundt Jostedalsbreen nasjonalpark og aktuelle tiltak på desse innfallsportane. Tiltaksplanen i besøksstrategien (kap 5.2) samanfattar tiltaka på innfallsportane i tre tabellar, ein for perioden 2021-2022, ein for perioden 2023-2024 og ein for perioden 2025-2027. I arbeidet med tiltaksplanen for 2022 tidsplanen er forskyvd eit år, sidan besøksstrategien er klar seint i 2021. Tiltaka i fyrste periode i besøksstrategien (2021-2022) er vurdert, og det er gjort eit utval av tiltak som er føreslått gjennomført i 2022, markert med grønt i figur 1. Resten av tiltaka tilrår forvaltarane at bør vente til 2023 eller seinare. Opprusting av turstien til Flatsteinbu er i besøksstrategien er føreslått gjennomført i 2023-2024, dette prosjektet er likevel føreslått gjennomført i 2022. Grunnen er i hovudsak at planen for tiltaket er ferdigstilt og at det er stor lokal interesse for å få stien restaurert.

Oppsetjing av informasjonstavler i tråd med merkevaren Norges Nasjonalparker er eit tiltak som vil måtte prege arbeidet til forvaltninga dei næraste åra. Erfaringar frå andre verneområde som er starta med dette arbeidet fortel oss at dette er eit kostbart og tidkrevjande arbeid. Det er difor tilrådeleg å strekkje dette ut i tid, slik det og er planlagt i besøksstrategien. Det vert difor føreslått å starte med å få sett opp nye informasjonstavler på 8 innfallsportar i 2022.

Behov for ferdselsteljarar skal også meldast inn via bestillingsdialogen til miljødirektoratet. Ferdelsregistreringar er eit viktig verkemiddel både for å kartlegge bruken av stiar no men og for å sjå på utviklinga over tid.

Skjøtselsplan

I 2021 er arbeidet med skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen starta opp. Planen var at dette arbeidet skulle vere ferdig i november 2021, men det er no klart at skjøtselsplanen ikkje vert ferdig før i mars/april 2022. For likevel å kome i gang med tiltak knytt til skjøtselsplanprosessen bad sekretariatet om at NIBIO allereie no konkretiserte nokre tiltak som kan startast på sommaren. Dette er viktig for å kunne halde oppe engasjementet som er skapt blant grunneigarar, gardbrukarar og andre aktørar i området.

Samla sum for alle tiltaka føreslått gjennomført i 2022 er kr 2 920 001,-. Dette er om lag 1 million meir enn summen det vart søkt om i 2021. På bestillingsmøte 2, i februar/mars, må styret gjere ei endeleg prioritering av tiltaka ut i frå den tildelte budsjettramman frå Miljødirektoratet.



Tiltak som skal gjennomførast tidleg i besøksstrategiperioden (2021-2022)		
Tiltak	Innfallspunkt	Aktørar
Utarbeide plan for nasjonalparksilt langs hovudveggar rundt parken	Alle	JNP, Statens vegvesen, fylkeskommunen, kommunar, reiseliv
Utarbeiding av skiltplan for Jostedalsbreen nasjonalpark	Alle	JNP, kommunar, reiseliv, m.fl
Få autorisert Skålastien som Nasjonal turiststi	Skålastien	Skålastilaget, Stryn kommune, JNP
Oppgradering av innfallspunkt ved Tyva	Skålastien	JNP, Stryn kommune, Skålastilaget
Nytt toalettbygg ved Tyva	Skålastien	Stryn kommune, Skålastilaget, JNP
Informasjonsskilt ved Tyva	Skålastien	JNP
Oppmerking av parkeringsplassar ved Tyva	Skålastien	Skålastilaget, Stryn kommune
Planlegging av utkikkspunkt Bøyabreen	Bøyabreen	JNP, Sogndal kommune, grunneigarar, bygdelag
Oppgradering av informasjonspunkt	Kjenndalsbreen	JNP
Planlegging av utkikkspunkt	Hoven	JNP, Loen Skyliift
Tilrettelegging av rundtur mellom Åbrekke og Åberg	Brenndalen	Olden utviklingslag, grunneigarar, JNP
Informasjonsskilt v/parkering Åbrekke	Brenndalen	JNP
Informasjonsskilt ved Brenndalsetra	Brenndalen	JNP
Nytt informasjonspunkt	Kjenndalsstova	JNP, grunneigar, reiseliv
Merking av sti frå Nasjonalparksenteret og inn Fosdalen	Fosnes	JNP, Nasjonalparksenteret, idrettslag
Informasjonsskilt	Fosnes	JNP, Nasjonalparksenteret
Informasjonsskilt	Sunndalen	JNP, grunneigarar
Informasjonsskilt	Erdalen, Loppeset	JNP, grunneigarar, turlag
Restaurering av Keisar Wilhelms sti	Briksdalen	JNP, Oldedalen skysslag/Briksdalen fjellstove
Ny utsiktsplass i Briksdalen, Bredesvedene	Briksdalen	JNP, lokalt reiseliv
Informasjonsskilt	Supphelledalen v/Øygard	JNP
Informasjonspunkt	Supphellebreen	JNP, bygdelag, grunneigarar
Rydd og etablere sti med utsiktsplass	Supphellebreen	JNP, bygdelag, grunneigarar
Informasjonsskilt	Vårstølen, Veitastrand	JNP, bygdelag, grunneigarar

Figur 1 – Tabell frå besøksstrategien – Grøne tiltak er føreslått prioritert i 2022



Vurdering

Forslag til tiltaksplan vert lagt fram for drøfting i nasjonalparkstyret. Forslaget er basert på innspel frå grunneigarar, bygdelag, reiseliv kommunar og andre. Mange av innspela er kome fram i samband med utarbeiding av besøksstrategien og er innarbeidd i denne. Andre forslag er kome fram i arbeidet med skjøtselsplan for tre stølsdalar i Stryn, som vart starta opp sommaren 2021, og på synfaringar og møte i løpet av året. Drøftingar og erfaringsmøte med SNO er også ein del av grunnlaget for prioritering i utkastet til tiltaksplan for 2022.

Styret bør gå igjennom forslaga til tiltak og drøfte prioriteringane i møtet. Nokre av tiltaka er reparasjonar og utbetringar av tidlegare tiltak, andre er slutføring av påbegynte tiltak, eller nye tiltak som er vert vurdert som naudsynte for å sikre verneverdiar.

Dei to første åra i besøksstrategiperioden vil i realiteten verte 2022 og 2023. Det betyr at vi må vurdere nøye kva for av dei oppførte tiltaka som bør prioriterast i 2022 og kva som bør vente til 2023.

I kommunikasjonsplan er det ført opp utarbeiding av plan for skilting, plan for vegskilting og plan for digital kommunikasjon i fyrste halvår 2022. Dette er planarbeid som i stor grad må utførast av forvaltarane og som vil ta noko tid. Ferdigstilling av ny forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark, med høyringsrunde og møter rundt i kommunane skal og gjerast i fyrste halvdel av 2022. Desse oppgåvene må difor og takast med når ein planlegg ressursbruken til forvaltarane i 2022.

Oppføring av informasjonsskilt med godt innhald og god plassering er viktig for å skape eit godt og positivt bilde av nasjonalparken. Dette arbeidet er svært viktig og det må setjast av tid nok til å gjennomføre gode prosessar. Det vil variere kor mykje tid og ressursar det vil ta å få på plass ein innfallsport, men det vil ta tid for forvaltarane uansett om ein satsar på kjøp av tenester eller gjer mykje sjølv. Forvaltarane meiner at ein har vore ambisiøse når vi føreslår å få på plass skilt på 8 ulike innfallsportar i 2022.

I tabellane på dei neste sidene er forslag til tiltaksplan 2022 og forslag til bestilling av tenester frå Statens naturoppsyn for 2022 sett opp. Styret bør drøfte prioriteringane i begge tabellane. Sekretariatet skal innan 10.01.2022 sende inn tiltaksplan med tiltak i prioritert rekkefølge.



Tiltaksplan for Jostedalsbreen nasjonalpark 2022 - sist endra 23.11.2021

Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag (totalt)	Utføring	Samarbeids- aktørar	Merknad
Utarbeide plan for utbetring av sti Tungestølen - Austerdalsbreen	Nye Tungestølen turisthytte opna hausten 2019. Det er venta at den særmerkte hytta vil trekkje mange besøkande til Veitastrond og området rundt Tungestølen. For å ta vare på dei mange naturkvalitetane i området må ferdsla kanalisert og styrast. Primært bør stiane inn Austerdalen og Langedalen opprustast. Tiltaket vil verte gjennomført i samarbeid med Luster Turlag og Luster kommune.	30 000	Tenestekjøp	JNP, SNO, grunneigarar, Luster turlag	Sårbarheitsanalyse for stien utarbeidd av NINA. Vidareføring av arbeid gjennomført i 2020 og 2021 då stien til Langedalen vart lagt til rette og stimellom Tungestølen og Nystølen planlagt.
Utarbeide plan for utbetring av stien frå Bødalsseter mot Lodalskåpa	Stien frå Bødalsseter mot Lodalskåpa er mykje brukt og er på deler av traseen sliten ned og treng utbetringar om ikkje den skal verte meir øydelagd.	30 000	Tenestekjøp	JNP, SNO, grunneigarar, Indre Nordfjord Turlag,	
Kanalisering og utbetring av enkelte punkt på stien til Haugabreen	Sårbarheitsvurdering av stien til Haugabreen gjennomført i 2020 viste at det på fleire stader er trong for tiltak på stien for å kanalisere ferdselen inn på færre stispor.	10 000	SNO, tenestekjøp	JNP, SNO, grunneigarar, kommune, reiseliv	Sårbarheitsvurdering gjennomført i 2020.
Utbetring seks vardar og fleire stiparsellar på Skålastien	Reparasjon av seks vardar som er heilt eller delvis øydelagd på Skålastien. Ulike utbetringar trengs på fleire parsellar langs stien. Tilstandsrapport utarbeidd av SNO august 2021.	500 000	Tenestekjøp	SNO, Skålastilaget, Bergen og Hordaland Turlag	SNO sin tilstandsrapport frå 2021 viser at det er trong for utbetringar og vedlikehald på Skålastien.
Skilting og sikring Kattanakken	Det har dei siste åra vore auka interesse for stien til Kattanakken. Deler av stien er bratt og utsett. Einskilde parti av stien bør sikrast betre. I 2022 er det aktuelt å sikre einskilde punkt, setje opp enkle vardar og skilte for å redusere faren for ulukker.	50 000	Tenestekjøp	SNO, Utviklingslag, kommune	For å redusere faren for ulukker vart det i 2021 sett opp nye informasjonsskilt.



Restaurering av Keisar Wilhelms sti, den gamle ridevegen i Briksdalen - del 2	Fyrste del av Keisar W. Sti vart restaurert i 2021. Tiltaket bør fullførast i 2022.	400 000	Tenestekjøp	Reiseliv, Grunneigarar, Bygdelag	
Informasjonsskilt	Setje opp informasjonsskilt og/eller portalskilt på 8 utvalde innfallsportar	700 000	Tenestekjøp	Tenestekjøp, anbod, SNO,	Må vere i tråd med designmanual og Merkevarer. Dyre og omfattande tiltak som krev god planlegging.
Planlegging og prosjektering av utsiktspunkt ved Bøyabreen	Utsiktspunkt ved Bøyabreen er i besøksstrategien prioritert planlagt i 2021-2022. Sogndal kommune er i gang med områderegulering som er venta ferdig i løpet av fyrste halvår 2022. Det er viktig å starte planarbeidet raskt i tråd med veileder for innfallsportar utarbeidd av Miljødirektoratet.	200 000	Forvaltar og tenestekjøp	JNP, Sogndal kommune, grunneigarar, lokalt næringsliv, bygdelag	Det har allereie vorte arbeidd med planar for innfallsporten ved Bøyabreen i fleire år. Det er m.a. utforma ideskitser av arkitektfirmaet Stiv Kuling.
Utbetring av stien frå Bødalsseter mot Lodalskåpa	Stien frå Bødalsseter mot Lodalskåpa er mykje brukt og er på deler av traseen sliten ned og treng utbetringar om ikkje skal verte meir øydelagd. Dert er sårbare morenar i området stien går igjennom. Det er ynskjeleg å kome i gang med deler av arbeidet hausten 2022.	100 000	Tenestekjøp, SNO	JNP, SNO, grunneigarar, Indre Nordfjord turlag	Det vert søkt midlar over driftsposten til administrasjon av Stiskule. Tanken er å bruke Bødalsseter og stien mot Lodalskåpa som case.
Skjøtsel - utbetring av drifteveg og oppføring av sperregjerde ved Storesetra Erdalen	Under arbeid med skjøtselsplan for Erdalen er det kome fram behov for eit nytt sperregjerde for å halde storfe på setra. Gjerdet må vere om lag 60 meter langt og tilpassast stølsmiljøet, gjerne einerstaur. Det er og trong for å heve stien/driftevegen i eit kort parti i same området, der grinda må stå.	40 000	Tenestekjøp	JNP, SNO, Erdalen beitelag,	Etter at driftevegen vart opprusta har det vist seg at storfe følgjer etter folk ned att mot bygda. Det er ynskjeleg at dyra held seg på setra.



Rydding av skog ved Huldefossen i Bødal	Rydde skog og opne opp i bjørkeskogen langss stien frå parkeringsplassen i Bødalen. Alternativ til sikringsgjerde ved Huldefossen. Oppfølging av tiltak i skjøtelsesplan under arbeid.	20 000	Tenestekjøp, SNO	JNP, Grunneigarar, beitebrukarar,	Tiltak for å betre tryggleik for beitedyr og turgåarar.
Planlegging og prosjektering av informasjonspunkt Tungestølen	Nye Tungestølen turisthytte opna hausten 2019. Det er venta at den særmerkte hytta vil trekkje mange besøkande til Veitastrond og området rundt Tungestølen. Tungestølen vert ein viktig stad å informere om JNP og verneverdiane i området. Planlegging av informasjonspunktet bør gjerast i 2021.	100 000	Tenestekjøp	JNP, Luster Turlag, Grendelag, Luster kommune, Grunneigarar	I 2020 og 2021 har planlegging av stiane i området blitt prioritert. Når stiane etterkvart vert klare så kan info-/ startpunktet planleggjast
Vedlikehald av stien til Flatbrehytta	Deler av den steinsette stien til Flatbrehytta vart teken av snørås våren 2020. Ny trase på kring 70 meter vart i 2021 bygd opp med einerstokkar, men det må fyllast på meir grus. Feste av wire på eit utsett punkt på stien.	10 000	Tenestekjøp	SNO, Grunneigarar, Bygdelag	
Utbetring av sti til Haugafjellstølen	Det er meldt inn trong for utbetring av stien opp til Haugafjellstølen. Glatt berg er eksponert grunna slitasje fleire stader og det gjer at det er trong for små forstøtningar av stein, evt. bør nokre trappetrinn murast opp på utsette parti. Endring av trase kan vere aktuelt der det er lengre parti med bratte sva. Det trengst også noko rydding av skog, samt flytting av stein i parti med høge oppsteg.	30 000	Tenestekjøp	SNO, grunneigarar, lokalt reiseliv	Stien til Haugafjellstølen er ein viktig innfallsport for turistar på dagstur frå Jostedal og friluftsfolk på ved til Steinmannen eller vidare inn på breen.
Utbetring av sti Sognskaret	Auka trafikk på stien til Sognskaret inst i Sunndalen har gjort at stien har trong for vedlikehald. Stien er fleire stader sliten ned slik at meir glatt berg er eksponert. Det gjer at det nokre stader er det trong for små forstøtningar av stein.	30 000	SNO, Tenestekjøp	SNO, grunneigarar, hytteeigar	Det er ei hytte i Sognskaret som er blitt eit lokalt turmål for mange. Hytte eigar i området ynskjer å ta på seg årleg vedlikehald og ettersyn av stien.



Styrt beiting ved utvalde innfallsportar	Styrt beiting for å gje betre oppleving av nasjonalparken og verneverdiane på utvalde innfallsportar, t.d. Supphellebreen, Bøyabreen og Briksdalsbreen.	40 000	Tenestekjøp	JNP, SNO, grunneigarar, dyrehaldarar, grendelag, reiseliv	Prøveprosjekt med styrt beiting med geit ved Supphellebreen i 2021 var positivt. Bør kombinerast med manuell/ mekanisk rydding.
Arbeid med rundtursti om Andersbenken	Vidareføring av tilrettelegging av stien mellom rasteplassen i Bøyadalen og Andersbenken.	30 000	Tenestekjøp	JNP, SNO, Bygdelag,	Stien til Andersbenken vart opna hausten 2021, men treng noko meir tilrettelegging på enkelte parti.
Klopplegging mellom Storesetra og Vetledalssetra i Erdalen	Under arbeid med skjøtselsplan for Erdalen kom det fram ynskje om å prøve å kloppleggje nokre parti av stien mellom Storesetra og Vetledalssetra. Deler av stien vert oversvømt i periodar med mykje smeltevatn og/eller regnvatn. Vi ynskjer å prøve ut bruk av klopper laga av haldbar lerk.	30 000	Tenestekjøp, SNO	JNP, SNO, Beitelag, Grunneigarar, Indre Nordfjord Turlag	Helikopterfrakt kan koordinerast med frakt av gjerdemateriell etc. for å få ned prisen.
Restaurering av stien til Flatsteinbu	Den gamle stien til Flatsteinbu treng utbetring på nokre punkt. Bortleiing av vatn, stikkrenner og reparasjon av steinstrapper. Plan er utarbeidd.	400 000	Tenestekjøp	SNO, Grendelag, Grunneigarar,	Sårbarheitsvurdering bør utarbeidast før tiltak tek til.
Nye brefareskilt	Det er trong for nokre nye brefareskilt ved enkelte brearmar rundt Jostedalsbreen.	5 000	SNO	JNP, SNO	SNO plasserer ut brefareskilta.
Utsiktsrydding i Erdalen - før Storesetra	Under arbeid med skjøtselsplan for Erdalen kom det fram ynskje om å rydde for beitedyra og for utsikt i eit område utanfor Storesetra.	10 000	Tenestekjøp	JNP, SNO, Erdalen beitelag, grunneigarar	



Planlegging og prosjektering av informasjonspunkt Supphellebreen	Informasjonspunkt ved Supphellebreen, rydding og etablering av sti og informasjonsskilt er i besøksstrategien prioritert i 2021-2022. Tiltaket må planleggjast og prosjekterast før tiltak vert gjennomført.	100 000	Tenestekjøp	Grunneigarar, Bygdelag, reiseliv,	Sogndal kommune er i gang med områderegulering i Fjærland som er venta ferdig i løpet av fyrste halvår 2022.
Ferdselsteljing langs utvalde stiar	Kartlegge besøket på ulike stiar ved hjelp av ferdselsteljarar. Ferdselsteljarar er viktig for å kunne følge opp besøksstrategien og framtidige forvaltningstiltak på desse fem stiane.	1	SNO	SNO	
Vedlikehald av viktige bruer og stiar	Erfaringsmessig skjer det skadar og slitasje på bruer og stiar i nasjonalparken, ofte knytt til flaumar, styrtregn og ras. Klimaendringar har gjort at slike skadar kjem årvisst. Ofte knyter skadane seg til mykje nytta innfallsportar og stiar, som t.d. stiane til Skåla, Oldeskaret, Lundeskaret og Tuftebresteinen, noko som gjer at det ofte hastar med å få gjort utbetringar og reparasjonar. Det er difor trong for midlar til vedlikehald særleg knytt til utføresette øydeleggingar av stiar og bruer.	50 000	SNO, Tenestekjøp	SNO, Grunneigarar	
Kanalisering av ferdse forbi sårbare morenar	Fleire stader i nasjonalparken er det idag konflikt mellom ferdse og ivaretaking av viktige kvartærgeologiske verneverdiar, særleg gjeld dette ulike former for moreneryggar, ofte nær dei lett tilgjengelege brearmene våre. For å unngå unødig slitasje på moreneryggane må det gjerast tiltak for å kanalisere folk inn på eit stispor, som i størst mogeleg grad skånar morenelandskapet. Nokre eksempel på dette er stien inn til Haugabreen, Bergsetdalen og Tunsbergdalsbreen.	20 000	SNO, Tenestekjøp	SNO, grunneigarar	Tiltak oppstarta i Austerdalen og ved Bødalsbreen i 2020. I 2021 vart det gjort tiltak ved Bergsetbreen og Bødalsbreen.



Utarbeiding av skiltplan for Jostedalsbreen nasjonalpark	I fortsetjinga av arbeidet med besøksstrategi er det trong for ein plan for å styre skilting kring breen. Plassering av skilt, innhald på skilt og prioritet bør planleggjast i lag med kommunar, lokalt næringsliv og vegvesen.	20 000	Tenestekjøp	Kommunar, Vegvesen, Reiseliv, Grendelag, m.fl.	Kostnader er knytt til møter og brei involvering
C14 dateringar av brefunn	Radiokarbon datering av fonnfunn i Indre Nordfjord. Viktig kunnskapsgrunnlag for brehistorie m.v.	20 000	Tenestekjøp	SNO, kommune	
	Samla kostnad	2 975 001			



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Saksframlegg

Innspill om ønsket SNO ressurs i verneområder. (Sett inn nye linjer for hvert ønsket utvalg)

2022					
Forvaltningmyndighet	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre				
Verneområde/Tema	Prioritering	Beskrivelse av oppdrag og metode	Forankring i planverktøy	Rapportering (Verneområdelogg, Artsobs, Natstat).	Merknad
Verneområde/Tilrettelegging					
Oppsetjing av informasjonstavler på 8 innfallsportar i tråd med besøksstrategi	1	Oppsetjing av informasjonstavler.	Besøksstrategi	Verneområdelogg	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har utarbeidet informasjonstavler på 8 innfallsportar som det skal settes opp informasjonstavler på. Dette er en viktig ressurs for å sikre og truleg ressursparan og truleg ressursparan mogelegheit for å vere nokre av dei mindre inn
Tilsyn av stiar med betydelege tilretteleggingstiltak. Lundeskaret, Skåla, Oldeskaret, Flatbrehytta samt buføreveggar i Erdalen og Sunndalen.	2	Synfaringar for å vurdere tilstand og for å gjere gjennomføre enkelt vedlikehald.	Tiltaksplan	Verneområdelogg	Stiar der det er investert i tilrettelegging må erfar jamleg for å unngå stor
Skilting og sikring av einskilde punkt på stien til Kattanakken	3	Synfaringar ved oppstart og undervegs i arbeidet	Besøksstrategi	Verneområdelogg	
Følgje opp arbeid med utbetring av følgjande stiar: Skålastien, sti til Haugafjellstølen, stien til Sognskaret, stien til Haugabreen og stien til Flatsteinbu.	4	Synfaringar ved oppstart og undervegs i arbeidet	Tiltaksplan	Verneområdelogg	Det er enno usikkert kor som vert sett i gang, de endelege prioriteringar.
Oppfølging av skjøtselsplan. Klopplugging på stien mellom Storesetra og Vetledalssetra i Erdalen	5	Synfaringar ved oppstart og undervegs i arbeidet	Skjøtselsplan	Verneområdelogg	Klopplugging med bruk der vi vil prøve ut ny me område med utfordring vassmengder gjennom s



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

Verneområde/Skjøtsel					
Kanaliserings tiltak for å skåne sårbare morenar m.a. i Haugadalen og Tunsbergdalen.	1	Synfaringar for å vurdere tiltak i problemområde. Oppsetting av stengsel, tydeleggjering av trasé og revegetering.	Tiltaksplan	Verneområdelogg	
Oppfølging av skjøtselsplan. Utbetring av punkt på drifteveg og oppføring av gjerde ved Storesetra i Erdalen	2	Synfaring ved oppstart og ved avslutning	Skjøtselsplan	Verneområdelogg	Skjøtselsplan blir først fe er allereie gjennomfø
Oppfølging av skjøtselsplan. Utsiktsrydding i Erdalen - før Storesetra.	3	Synfaring ved oppstart og ved avslutning	Skjøtselsplan	Verneområdelogg	Skjøtselsplan blir først fe er allereie gjennomfø
Oppfølging av skjøtselsplan. Rydding av skog ved Huldefossen i Bødal.	4	Synfaring ved oppstart og ved avslutning	Skjøtselsplan	Verneområdelogg	Skjøtselsplan blir først fe er allereie gjennomfø
Kartlegge granspreiing i Bergsetdalen	5	Registrering av granar inn i nasjonalparken			
Styrt beiting med ved utvalde innfallsportar. Supphelledalen, Bøyabreen og Briksdalen	6	Synfaring av aktuelle lokalitetar før oppstart og etter avslutta beitesesong	Tiltaksplan	Verneområdelogg	



Jostedalsskogen nasjonalparkstyret

Verneområde/Bevaringsmål					
Oppfølging av bevaringsmål framande artar - Gran i Sunndalen og Fosdalen	1	Synfaring for registrering av endringar på transekt og fjerning av eventuell gjenvekst av gran	Annet (beskriv)	NatStat	
Oppfølging av bevaringsmål - sårbare vegetasjon på sårbare morenar i Austerdalen og Bergsetdalen	2	Synfaring for registrering av endringar på transekt.	Annet (beskriv)	NatStat	
Registrere raudlisteartar som blir observert.	3	Registrere og rapportere raudlisteartar som vert observert i felt.	Annet (beskriv)	Artsobs	
Verneområde/Tilsyn og kontroll					
Halde oppsyn med verneforskrifta i Jostedalsskogen nasjonalpark.	1	Synfaringar i felt.	Annet (beskriv)	Verneområdelogg	Forankra i verneforskrifta
Kontrollere om løyve/styrevedtak vert følgd i dispensasjonssaker	2	Synfaringar i felt.	Forvaltningsplan	Verneområdelogg	Dispensasjonar/styrevedtak
Følgje opp tiltak i hovudsak ved oppstart og slutt.	3	Synfaringar i felt ved oppstart og slutt av prosjekt.	Tiltaksplan	Verneområdelogg	
Ferdselsteljing på same stader som i 2021.	4	Utsetjing av ferdselsteljarar på utvalde stader. oppsyn med desse gjennom året og innsamling og tolking av data etter sesongen.	Tiltaksplan	Verneområdelogg	
Registrere bygningar og andre konstruksjonar i nasjonalparken	5	Oppmåling, fotografering, kartfesting og innlegging i verneområdeloggen	Forvaltningsplan	Verneområdelogg	



Arkivsaksnr: 2021/16662-0

Sakshandsamar: Marthe Gjerde

Dato: 23.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	47/21	30.11.2021

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - ny nettside nasjonalparkstyre.no - Personvernerklæring

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek den nye personvernerklæringa for nettsida til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, <https://www.nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen/>. Styreleiar vert sett som ansvarleg redaktør for nettsida.

Saksopplysningar

Etter det nye personverndirektivet til EU (GDPR) er det påkravd at alle nettstader som har informasjonskapslar som samlar informasjon om brukarane informerer om korleis data er tenkt brukt og vert lagra. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har ei nettside der vi informerer om forvaltning og styre, og denne sida vert då styret sitt ansvar å informere frå. Under følgjer framlegg til personvernerklæring frå Miljødirektoratet.

Personvernerklæring for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre handsamar personopplysningar om deg når du brukar denne nettstaden.

Her finn du informasjon om personopplysningane vi samlar inn, kvifor vi gjer det, og kva rettar du har når det gjeld handsaminga av desse personopplysningane.

Ansvarleg for handsaming

Den ansvarlege for handsaminga av personopplysningane om deg er styreleiaren i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.



Regulering av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre si handsaming av personopplysningar

Personvern er viktig både for deg som brukar og for oss i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. Vi er opptatt av å verne om og respektere personvernet ditt.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er underlagt personopplysningslova og personvernforordninga (General Data Protection Regulation 2016/679) når vi handsamar personopplysningar.

Vi vil i hovudsak hente inn personopplysningane vi registrerer, direkte frå deg som brukar. Ved innsamling av opplysningar frå ein tredjepart, for eksempel frå Folkeregisteret, får du eit varsel, med mindre innsamlinga er lovbestemt, varslings er umogleg eller uforholdsmessig vanskeleg, eller det er på det rene at du allereie kjenner til kva for informasjon varselet ville innehalde.

Dersom vi ønskjer å innhente opplysningar frå deg som ikkje er nødvendige for å vareta avtaleforholdet som oppstår ved at du registrerer deg som brukar av tenestene våre, vil vi først informere deg om at det er frivillig å gi frå seg opplysningane, og kva opplysningane skal brukast til.

Derfor handsamar vi personopplysningar om deg

Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalparkstyre si handsaming av personopplysningar er i første rekke å vareta forvaltningsoppgåvene vi har som styre.

Frå vedtektene, pkt. 1. Formålet med vedtektene: *Formålet med disse vedtektene er å legge til rette for en helhetlig og kunnskapsbasert forvaltning av det verneområdet styret har ansvar for. Vedtektene skal sørge for at nasjonalparkstyret skal kunne oppfylle formålet med vernet i tråd med nasjonale mål og internasjonale forpliktelser.*

Vi handsamar personopplysningar i den grad lovgivinga pålegg oss eller tillèt oss slik handsaming.

Vi handsamar personopplysningane vi hentar inn, til desse føremåla:

Vi brukar personopplysningar når vi svarer på spørsmål: Her handsamar vi namn, telefonnummer, e-postadresse og eventuelle andre personopplysningar. Behandlinga av personopplysningar skjer på grunnlag av ei interesseavveging. Vi har vurdert det slik at dette ofte er nødvendig for at vi skal kunne hjelpe deg med det du lurar på.

Vi brukar informasjonskapslar (cookies) for å få informasjon om bruken av nettsidene våre: Vi handsamar personopplysningar på grunnlag av ei interesseavveging. Vi har vurdert det slik at det er nødvendig for oss for å tilpasse nettsida til brukarane våre. Vi tar likevel vare på personvernet ditt ved at vi berre bruker opplysningane til statistikk. I denne statistikken er det ikkje mogleg å identifisere deg som enkeltperson.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre brukar informasjonskapslar (cookies)

For å utvikle og analysere bruksmønsteret bruker nasjonalparkstyre.no informasjonskapslar (cookies). Informasjonskapslar er små tekstfiler som denne nettstaden lagrar på datamaskina til brukaren.

Nettenestene våre bruker informasjonskapslar som gjer at nettsida hugsar tidlegare brukarinnstillingar på sida. Informasjonskapslar gir oss også statistikk. Vi bruker statistikken som grunnlag for kunne å gjere nettsidene våre betre.

Vi lagrar aldri informasjon som kan identifisere deg personleg eller krenke personvernet. Vi bruker analyseverktøyet Google Analytics for å analysere informasjonen.



Du kan avvise bruken av informasjonskapslar ved å justere innstillingane i nettlesaren din. Ver merksam på at om du gjer dette, kan det hende at du ikkje får brukt all funksjonaliteten på nettsidene.

Informasjonskapslar på Jostedalsbreen nasjonalparkstyre si side:

_ga

- Kjelde: Google Analytics, gjer detaljert statistikk om kven som besøker nettsidene.
- Hensikt: Skilje unike brukarar for å berekne besøkande-, økt- og kampanjedata for nettstadanalyserapportane.
- Levetid: 2 år.

_gat_UA-

- Kjelde: Google Analytics.
- Hensikt: Å avgrense frekvensen av førespurnader og innsamlinga av data på nettstader med stor trafikk.
- Levetid: 10 minutt.

_gid

- Kjelde: Google Analytics.
- Hensikt: Blir brukt for å skilje unike brukarar ved å tildele eit tilfeldig generert nummer som ein klientidentifikator.
- Levetid: 1 dag.

AWSELB

- Kjelde: SiteImprove
- Hensikt: Analyse og statistikk av nettstaden.
- Levetid: Blir fjerna frå datamaskina når du lukker nettlesaren.

__cfduid

- Kjelde: SiteImprove.
- Hensikt: Å identifisere klarert/trygg nettrafikk.
- Levetid: 1 år.

Nmstat

- Kjelde: SiteImprove.
- Hensikt: Å analysere bruken av nettstaden. Samling av statistikk.
- Levetid: 1000 dagar.

Siteimproveses

- Kjelde: SiteImprove.
- Hensikt: Å registrere sidene ein nyttar på eit enkelt besøk.
- Levetid: Blir fjerna frå datamaskina når du lukkar nettlesaren.

[Slik administrer du informasjonskapslar \(Nettvett\)](#)

Utlevering av personopplysningar

Personopplysningar om deg vil bli utlevert til offentlege myndigheiter og andre utanforståande når det føl av lovbestemt opplysningsplikt eller opplysningsrett.

Utlevering vil også kunne skje til andre partar dersom det er nødvendig for å gjennomføre dei forvaltningsoppgåvene som involverer deg, på ein sikker måte. Overføring av personopplysningar til databehandlarane våre blir ikkje sett på som utlevering.



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er omfatta av offentleglova, som inneber at saksdokumenta våre, journalar og liknande som hovudregel er opne for innsyn. Det kan vidare krevjast innsyn i samanstillingar av opplysningar som er elektronisk lagra, når dette kan gjerast med enkle framgangsmåtar.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vil utlevere dokument og samanstillingar i samsvar med offentleglova når det krevst innsyn, bortsett frå når dokument, journalar eller samanstillingar inneheld opplysningar som er teiepliktige etter lov eller forskrift, eller som med heimeel i offentleglova bør vere unntatt frå offentleg innsyn.

I slike tilfelle vil Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vurdere om ein kan gi delvis innsyn i opplysningane, jamfør plikta til å vurdere meiroffentlegheit. Teiepliktige opplysningar vil ikkje bli levert ut.

Overføring av personopplysningar til utlandet

Vi leverer ikkje ut personopplysningar til land utanfor EU/EØS-området.

Slik vernar vi opplysningane dine

Vern av personopplysningane dine er ei høgt prioritert oppgåve for oss. Vi arbeider kontinuerleg for å verne personopplysningar og annan konfidensiell informasjon.

Lagringstid

Vi slettar eller anonymiserer personopplysningar om deg når formålet med den enkelte handsaminga er oppfylt, med mindre opplysningane skal eller kan oppbevarast utover dette som følge av lovgivinga.

Det betyr for eksempel at personopplysningar som vi behandlar på grunnlag av samtykke frå deg, blir sletta dersom du trekkjer tilbake samtykket.

Rettane dine når vi handsamar personopplysningar om deg

Du har rett til å krevje innsyn, korrigering eller sletting av personopplysningane vi handsamar om deg. Du har vidare rett til å krevje avgrensa handsaming, komme med motseiingar mot handsaminga og krevje rett til dataportabilitet.

Du kan lese meir om innhaldet i desse rettane hos [Datatilsynet](#).

Ved å vende deg til oss kan du krevje innsyn i registrerte personopplysningar, få vite kva slags opplysningar som blir handsama, og få nærmare informasjon om vår handsaming av opplysningane.

Om du vil nytte deg av rettane dine, tar du kontakt med oss ved hjelp av kontaktinformasjonen [her](#).

For å kunne svare på førespurnaden din må vi be deg stadfeste identiteten din eller gi oss meir informasjon. Dette gjer vi for å vere sikre på at vi gir tilgang til personopplysningane berre til deg og ikkje til nokon som eventuelt utgir seg for å vere deg.

Klager

Eventuelle klager på Jostedalsbreen nasjonalparkstyre si handsaming av personopplysningar om deg kan rettast til [Datatilsynet](#).

Endringar



Dersom vi endrar tenestene våre eller det skjer endringar i regelverket om handsaming av personopplysningar, kan vi måtte endre informasjonen du har fått her.

Oppdatert informasjon vil alltid vere lett tilgjengeleg på denne nettsida.

ST 48/21 Delegerete saker



Arkivsaksnr: 2021/15743-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 04.11.2021

Utval	Delegeringssak (DS)
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	

Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel i samband med skorfast sau i Erdalen - Jostedalsbreen nasjonalpark

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark kap IV, pkt 4.3 første strekpunkt, gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre Oddleif Erdal løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Jostedalsbreen nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 04.11.21 – 05.11.21
- Løyvet gjeld for å berge/avlive sau i skårfeste
- Løyvet gjeld for inntil to turar i området mellom Loppeset og Tundraskaret
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Anne Rudsengen varslast, anten på e-post anne.rudsengen@miljodir.no eller på telefon 959 63 888
- Helikoptertransporten skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha tilbakemelding innan 20. november 2021 om gjennomført helikoptertransport.

Merk med referanse: 2021/15743. Send gjerne på e-post til: toaha@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Stryn kommune om dette.



Saksopplysningar

Bakgrunn

Nasjonalparkforvaltar fekk onsdag 27.oktober telefon frå Oddleif Erdal i Erdalen i Stryn. Erdal hadde fått nyss om at Nasjonalparkforvaltninga planla å flyge med helikopter i Erdalen og ynskte å nytte dette høvet til å få teke ut sauer som var skorfast. Han lurte på om det var råd å få løyve til å flyge inn i nasjonalparken, lande og setje av to mann som kunne avlive dyra, ein sau og eit lam, for så å hente ut folk etter at dyra var avliva.

Det er av dyrevernmessige årsaker ikkje ønskeleg å late dyra gå, og det er svært vanskeleg å kunne kome til dyra utan bruk av helikopter. Korte dagar med snø i høgda og varierende vertilhøve gjer det vanskeleg å planlegge og gjennomføre ein redningsaksjon til fots

Sauene var onsdag 27.oktober skorfaste i berget nedanfor Tundraskaret, dette er utanfor nasjonalparkgrensa. Det er difor ikkje sikkert at det er trong for lågtflyging eller landing innanfor nasjonalparkgrensa, men om det skulle vere nødvendig å lande i området er terrenget slik at det må skje innanfor nasjonalparkgrensa i Tundraskaret.

Nasjonalparkforvaltar var i dag 04.11.2021 i kontakt med Joar Tjellaug, som sa at dei ynskte å hjelpe Oddleif Erdal med å ta ut dei skorfaste sauene i dag, og dei bad difor om dispensasjon frå forbodet mot motorferdsle for inntil to turar/landingar i området Tundraskaret i dag 04.11.2021.

Lovheimel:

Saka gjeld motorferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark.

Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark og forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark kap IV punkt 4.1 står det at:

«Motorferdsel på land og i vatn, også landing med luftfartøy, er forbode. Som landing reknast og om eit luftfartøy hentar eller set av folk eller gods medan det står stille i lufta. Lågtflyging mindre enn 300 m over bakken er forbode».

Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdsle etter kap IV pkt 4.1. Det er likevel opning i kap IV, pkt 4.3 første strekpunkt for at forvaltningsstyresmakta eller den som får fullmakt til det kan gje løyve til:

- motorferdsel i samband med husdyrhald og vedhogst.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsle har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.



Vurdering

Ein kan sjå behovet for å få ta ut sau i skårfeste, og det er opna for å gje løyve til motorferdsel for dette føremålet i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med helikopter, som er einaste praktisk mogeleg transportmåte på denne tida av året. Det er opna for 2 turar, noko som er lite og vil gje ein liten belastning.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet.

Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagane for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

